



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
18/1082		103909/2018/S11	Håkon Slutaas, 71 28 03 52	17.09.2018

Innspel til revisjon av konsesjonsvilkår - Folla-Vindøla Trollheim kraftverk

Vi viser til brev frå OED datert 10.07.2018 der NVE si innstilling til nye konsesjonsvilkår for Folla-Vindølareguleringa blir sendt på ei avgrensa høyring.

Revisjon av konsesjonsvilkåra for Folla-Vindølareguleringa i Surnadal og Rindal kommunar har vore høgt prioritert av Møre og Romsdal fylkeskommune gjennom Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016 – 2021, vedtatt 08.12.2015 av Fylkestinget og godkjent 01.07.2016 av Klima- og miljødepartementet (KLD). Tiltak som er foreslått for relevante vassdrag i Folla-Vindølareguleringa er mellom anna minstevassføring. Miljømålet i desse vassførekomstane er satt til godt økologisk potensial (GØP) med konkret miljømål om «Høstbar fiskebestand, av utvalgte, men ikke alle relevante arter, som ikke er avhengig vedlikeholdstiltak»

Tiltak og miljømål er høgt prioritert i regional vassforvaltningsplan. Den regionale vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Dette er stadfesta i KLDs godkjenning av planen: «Planvedtaket forpliktar offentlege myndigheiter til å søke å følgje opp og gjennomføre planen. Planen vil vere eit innspel til statleg planlegging og eit grunnlag for vidare tiltak, budsjett og enkeltvedtak. Forpliktinga gjeld både for kommunar, statlege organ og regional myndigheit.»

I si innstilling skriv NVE at dei antek at revisjonen vil føre til at miljømål sett i regional vassplan blir oppfylt. Dei konkrete miljømåla er likevel ikkje nemnt. Viktigheita av å konkretisere miljømål i regulerte vassdrag er understreka i brev frå OED og KLD av 24.01.2014 med nasjonale føringar. Dette er også understreka i høyringsinnspela frå Miljødirektoratet og NVE til regional vassplan.

I Folla-Vindølareguleringa er det i aktuelle vassførekomstar sett mål som tilseier at tilhøva for laks og sjøaure skal forbeholdt slik at naturleg gyting skal produsere ein bestand det kan haustast av. I dag er det pålegg om utsetting.

Dersom det konkrete miljømålet ikkje blir oppfylt, medfører dette at GØP ikkje blir nådd for vassførekomstane. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner derfor at det må komme tydelegare fram at måla sett for laks og sjøaure (konkrete miljømål) blir oppfylt.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar NVE si vurdering av miljømål i Bulu.

Med helsing

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Håkon Slutaas
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever derfor ikke signatur

Kopi:

Kjell Lund, For Fiskeraksjonen

Norges vassdrags- og energidirektorat

Surnadal kommune

Postboks 5091 Majorstua

Bårdshaugvegen 1

0301

6650

Oslo

Surnadal